



## DET KONGELIGE LANDBRUKSDEPARTEMENT

KONTOR: AKERSGT. 42  
POSTADRESSE: POSTBOKS 8007DEP., 0030 OSLO

Fylkesveterinærane og  
Statens karantenestasjon

*M-82/94*

Deres ref:

Vår ref: (bes oppgitt ved svar)  
S-11198/94 AØ

Dato:  
*23* 12.94

# STATSBUDSJETTET 1996 - BUDSJETT-FRAMLEGG FRÅ FYLKESVETERINÆRANE OG STATENS KARANTENESTASJON

## INNLEIING

Departementet gir med dette rundskrivet retningslinjer for Fylkesveterinærane og SKD sine budsjettframlegg for 1996. Budsjetttrundskrivet er ein del av departementet sitt styringssystem og det målstyringskonsept som gjeld for det offentlege veterinærvesenet. Budsjetttrundskrivet legg difor til grunn dei langsiktige planane som er nedfelte i SVF sine overordna mål og dei godkjende hovudmålsettingar som Fylkesveterinæren og SKD har for den komande planperioden.

Landbruksnæringa står overfor utfordringar på fleire område. Eit hovudmål for landbrukspolitikken framover er å skape eit meir framtidsretta landbruk, som er meir robust i høve til å møte nye utfordringar og endringar i rammevilkåra, jf. St.prp. nr. 8 (1992-93) og St.prp. nr. 1 (1994-95). Det er difor viktig å redusere kostnadsnivået i husdyrbruket, få ein meir konkurransedyktig omsetnad og foredling av produkter og nytte ut nye høve til verdiskaping og næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket. Departementet legg vidare stor vekt på å vidareføre omsynet til miljøet. Dette gjeld òg omsynet til dyrevern og dyrehelse. Institusjonar/

etatar under Landbruksdepartementet skal gjere sitt for at norsk landbruk utviklar seg i tråd med desse måla og blir meir framtidretta.

For Fylkesveterinærane og SKD er det i tillegg viktig å hjelpe til med å styrkje oppdrettsnæringa og kultiveringsverksemda for fisk ved å effektivt hindre sjukdommar. Ein ønsker å utvikle eit tettare samarbeid mellom Fylkesveterinærane og Fylkesmannen sine landbruksavdelinger for å få ein breiare og meir samordna innsats av verkemidla (økonomiske, administrative, juridiske m.fl).

Behovet for ein god resultatdokumentasjon frå underliggjande institusjonar og etatar har vore sterkt understreka i budsjetttrundskriv dei siste åra. Fylkesveterinærane har kome langt i dette arbeidet, men dette må ein framleis vidareutvikle. Nye oppgåver i dyrevern og EØS krev ytterlegare ressurstilføring som gjer at det vert stilt store krav til planleggjing og ein effektiv ressursutnytting.

For å oppfylle politiske mål, må ein møte stramme budsjetttrammer med omprioriteringar og nytenking. Departementet ønskjer særleg at Fylkesveterinærane og SKD gjer greie for korleis endringar i omgivnadene fører til omprioriteringar internt i verksemda.

## **BUDSJETTFRAMLEGGET FRÅ FYLKESVETERINÆRANE OG SKD**

Budsjettframlegget skal ha tre bolker. I: Oppgåver, mål og strategiar, II: Rapport for 1994 og III: Budsjettframlegg for 1996.

Budsjettframlegg, formuleringar av mål og strategiar og resultatrapportering skal følgje den styringskalenderen som er fastlagt for det offentlege veterinærvesenet.

### **I MÅL OG STRATEGIAR**

#### **1. INSTITUSJONEN SI ROLLE I SAMFUNNET**

Fylkesveterinærane og SKD skal gi ein kort presentasjon av egen region/ verksemd slik det kjem fram frå Fylkesveterinærane og SKD sine plandokument for komande periode.

#### **2. MÅL**

Fylkesveterinærane og SKD skal gjere greie for sine overordna mål/ hovudmåla slik dei er presenterte i eige plandokument. Desse mål skal vere i samsvar med dei prioriteringane som Landbruksdepartementet har gitt i eigne plandokument for det offentlege veterinærvesenet og for SVF i juni og september 1994.

### 3. STRATEGIAR

Fylkesveterinærene og SKD skal gjere greie for dei strategiane og vurderingane som ligg til grunn for måla. Strategiane må ta utgangspunkt i realistiske ressursrammer. Det skal leggest fram eit samandrag av vurderingane som ligg føre i Fylkesveterinærene og SKD sine plandokument for komande periode.

I tillegg til dei strategiane som er gitt i plandokumenta skal ein leggje fram meir langsiktige strategiar for :

#### **- Effektivisering og kvalitetssikring**

Her bør måla og strategiane Fylkesveterinæren og SKD har på området innan ein 5-års periode omtalast. Det årlege effektiviseringspotensialet skal óg kommenterast. Omtala skal óg femne om Fylkesveterinæranane og SKD sitt arbeid med kvalitetssikring av eige arbeid.

## II RAPPORT 1994

### 1. RESULTAT

#### *Rapport ut frå overordna mål for SVF*

Fylkesveterinæranane og SKD skal gi rapport om dei oppnådde resultatene i høve til dei måla og oppgåvene som er gjevne i St.prp. nr. 1 for budsjetterminen 1994, og dei måla som Fylkesveterinæranane og SKD har i eige plandokument og verksemdsplan for 1994. Resultatrapporten skal vere eit samandrag av Fylkesveterinæranane og SKD sine årsrapportar.

### 2. RAPPORT PÅ SÆRSKILTE OMRÅDE AV SÆRSKILD INTERESSE FOR REGJERING ELLER STORTING

#### *Effektivisering*

Departementet ventar ein kort oversikt av dei effektiviseringstiltaka som er gjennomførte eller igangsatte.

Med bakgrunn i at det dei siste åra er nytta mykje midler til EDB-utvikling, ber vi om at Fylkesveterinæranane og SKD vurderer kva dette har ført med seg av effektivisering og korleis det fungerer i dag (drift, kunnskapsnivå, opplæring m.m).

Er det etablert nye samarbeidsordningar med andre institusjonar, forvaltningsområde eller organisasjonar, ber ein om at desse ordningane blir gjennomgatte. Ein bør særskild kommentere forholdet til KNT/SNT og SVL.

### 3. RESSURSIINNSATS

Departementet ber om at Fylkesveterinærane og SKD rapporterer om endeleg ressursbruk i 1994. Ein ber om at ressursbruken blir fordelt etter Fylkesveterinæren og SKD sine hovudmål.

All ressursinnsats, også ressursinnsats knytt til eksternt finansiert verksemd (inkludert arbeid for trygd), skal reknast med i tabellen. Den samla ressursinnsatsen gir Fylkesveterinæren og SKD opp i 1000 kr. Permisjon og sjukdom går inn i årsverkinnnsatsen på dei einskilde verksemdområda.

Tabell 1: Ressursinnsats fordelt på verksemdområde/hovudmål

Hovudmål	1993		1994	
	Beløp	%	Beløp	%
Inndeling etter hovudmål:				
hovudmål 1				
hovudmål n				
internadministrasjon				
Samla ressursinnsats				

Under området internadministrasjon sorterer administrasjon som ein ikkje kan knytta direkte til hovudmåla.

## III BUDSJETTFRAMLEGG

Budsjettframlegget skal på vanleg måte femne om alle utgifter og inntekter som kjem til kontant utbetaling eller innbetaling i budsjettåret, og framlegget skal byggje på forventa prisnivå i 1995. Forventa prisstigning i 1996 vil bli innarbeidd av departementet.

Budsjettoppstillinga skal berre spesifiserast på postnivå.

Retningsliner for statsbudsjettet for 1996 er enno ikkje utforma av Finansdepartementet. Landbruksdepartementet tek difor visse atterhald m.o.t. opplysningane nedafor. Endringar i føresetnadene eller behov for tilleggsdata vil departementet eventuelt kome attende til.

### 1. PRIORITERINGAR OG SATSINGSOMRÅDE FOR BUDSJETTÅRET 1996

#### 1.1 PRIORITERINGAR INNAFOR UENDRA BUDSJETTTRAMME

Under punktet skal Fylkesveterinæren og SKD leggje fram og grunngi kva for oppgåver og verksemdområde som vil bli styrkt og redusert innafor eit uendra driftsbudsjett (post 01 og 11) i

høve til tildelinga for 1995. Fylkesveterinærane og SKD skal leggje til grunn sine langsiktige plandokument og verksemdplanen for 1995. Ein bør leggje opp til ein særskild omtale av viktige satsingsområde. Departementet vil be om at omprioriteringane blir oppsummerte i ein tabell som vist nedafor. I tabellen må det òg gå fram kor stor effektiviseringsgevinst ein legg til grunn i 1996, jf. linje III i tabelloppsettet. Beløpet blir gitt opp i mill. kr med 1 desimal.

(mill. kr)

	Oppgåver	Verksemdområde	Auke/reduksjon
I. Auka ressursbehov	(Spesifiserast)	(Spesifiserast)	+
	"		+
	"		+
II. Redusert ressursbehov	(Spesifiserast)	(Spesifiserast)	-
			-
			-
III. Effektivisering			-
Uendra driftsbudsjett			0

## 1.2 PRIORITERINGAR INNAFOR EI REDUSERT BUDSJETTRAMME

Under dette punktet skal det gjerast framlegg om reduksjonar som samla utgjer 3% i høve til tildelinga for 1995. Ein ber om at dei oppgåvene som får redusert ressursbruken blir summert opp i tabellen.

(mill. kr)

	Oppgåver	Verksemdområde	Reduksjon
Redusert ressursbruk	(Spesifiserast)	(Spesifiserast)	-
	"	"	-
	"	"	-
Redusert driftsbudsjett			- (3%)

## 1.3 STILLINGAR

Skjemaet for organiserte stillingar pr. 01.01.95 skal fyllast ut, jf. vedlegg 2. Vi ber Fylkesveterinærane og SKD gruppere stillingane etter dei stillingskategoriane som er nytta i St.prp. nr. 1 (1994-95).

Landbruksdepartementet ber i den samanhengen og om ei vurdering av om insitusjonen har fleire stillingsheimlar enn det som ein treng i 1996. Det er uheldig dersom stillingstalet i statsbudsjettet ikkje gir eit rett bilete av talet på stillingar som er i bruk.

Eventuelle framlegg om nye stillingsheimlar (alle grupper) eller framlegg om omgjering av/til gruppe I stillingar må ein ta opp særskild i institusjonen sitt budsjettframlegg.

## **2. INNTEKTER (gjeld SKD)**

Alle inntektene må ein budsjettere så realistisk som mogleg, og i nødvendig grad må ein sjå det i samanheng med nivået på utgifter som er knytt til desse. Reduserte inntekter vil normalt føre til ein tilsvarande reduksjon på utgiftssida. Dersom ein ventar at inntektene vil gå ned, er det difor viktig at verksemda vurderer nærare korleis ein kan kompensere for inntektsbortfallet.

Landbruksdepartementet ber institusjonane vurdere tiltak som kan gi auke i inntektene. Dette er viktig med omsyn til budsjettbalansen for Landbruksdepartementet totalt og med tanke på ordningar som gir auka økonomisk handlefridom.

I denne samanhengen skal det vurderast i kva for grad

- ◊ det kan tas betalt for/ auke prisen for tenester og andre produkt som institusjonen leverer
- ◊ det kan leggjast avgift på/ auke avgifta på andre oppgåver
- ◊ omfanget av oppdragsforskning/oppdragsverksemd i høve til omfanget av oppdragsverksemda i dag kan aukast


## **PRAKTISKE SPØRSMÅL**

Budsjettframlegget med vedlegg skal oversendast Landbruksdepartementet ved Administrasjons- og økonomiavdelinga i 4 eksemplar innan 01.03.95.


Vi gjer merksam på at Fylkesveterinærane og SKD sine budsjettframlegg er offentlege dokument, og at desse blir sendt Stortinget som ikkje trykte vedlegg til St.prp. nr. 1. Departementet vil oppmode Fylkesveterinærane til å skrive budsjettframlegget på nynorsk og viser til normen som er nytta i St.prp. nr. 1 (1994-95).

St.prp. nr. 1 er Regjeringa sitt budsjettframlegg, og departementet tillat ikkje at institusjonane uoppfordra går direkte til Stortinget med budsjettsaker.

Med helsing



Eivind Liven e.f  
avdelingsdirektør



Steinar Svanemyr  
underdirektør

2 vedlegg

Kopi: ØB-seksjonen, LD/AØ

Landbruksdepartementet

VEDLEGG 1

Statens veterinære felttjeneste -

SKD/ Fylkesveterinaren for

.....

Inntektskapittel 4107

Utgiftskapittel 1107

POST	NEMNING	TILDELING 1994	REKNESKAP 1994	TILDELING 1995
01	Lønn og godtgj.			
11	Varer og tenester			
	SUM UTGIFTER			
01	Refusjon			
02	Driftsinntekter			
	SUM INNTEKTER			



Statens veterinære felttjeneste -

SKD/ Fylkesveterinæren for .....

Skjema for faste og tidsavgrensa organiserte stillingar pr.01.01.95

KODE	STILLINGSNEMNING	LTR.	TALET PÅ HEIMLAR		
			FASTE	TIDSAVGRENSEA	
				2 ÅR	4 ÅR
Gr. 1	Etatsjef				
Gr. 2	Sakshandsamar Veterinærstillingar Kontorstillingar Teknikerstillingar				

<b>SUM</b>					